



Åseral kommune

EINING FOR UTVIKLING

Melding om vedtak

Landbruks-og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

DYKKAR REF:

VÅR REF:

SAKSHANDSAMAR:

ARKIVKODE:

DATO:

7668/2014 - 2014/593

Ingunn Kile

V60

18.12.2014

UTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE - FORSLAG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i kommunalutvalet 16.12.2014 , PS 14/86.

Med helsing

Ingunn Kile
næringskonsulent



UTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE - FORSLAG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
V60	2014/593	Ingunn Kile	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/86	Kommunalutvalet	16.12.2014

Vedlegg:

- 1 Høring - Forslag om å oppheve konsesjonsloven og boplikten
- 2 Høringsnotat

Bakgrunn:

Landbruks – og matdepartementet har den 15.10.2014 sendt på høyring forslag om å oppheve konsesjonslova samt å oppheve enkelte reglar om odelsrett som famnar om buplikta.

Følgjene av forslaget inneber at erverv av fast eigedom ikkje lengre vil vere betinga av løyve frå det offentlige. Vidare at det ikkje vil vere buplikt ved erverv av landbrukseigedom, og at det heller ikkje kan setjast fast føresegn om nedsett konsesjonsgrense i kommunane.

Høyringsbrevet legg til grunn at forslaget vil styrkje den private eigedomsretten, og å gjere det enklare å omsetje eigedomar mellom private. Det er samtidig eit mål å gjennomføre forenklingar og å redusere landbruksbyråkratiet.

Regjeringa meiner at eigedomsretten er ei grunnleggjande rett som må styrkast.

Konsesjonslovens bestemmelser kan vere til hinder for eit effektivt marknad for omsetning av konsesjonspliktige landbrukseigedomar. I eit globalt perspektiv er det behov for å produsere meir mat, samt å auke avvirkinga av skogen. Derfor ønskjer regjeringa å stimulere til investeringar knytta til drift og andre tiltak som kan betre drifta på landbrukseigedom.

For å nå desse måla meiner regjeringa at det må leggjast til rette for at landbruksareala og ressursane knytt til areala kan nyttast på ein meir rasjonell og effektiv måte.

Vurdering:

Gjeldande konsesjonslov har til føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og sikre eigar – og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet. Lova gjev ei vid ramme for kva for omsyn som kan trekkjast inn.

Lova sin føremålsregel legg opp til at ei rekkje omsyn skal bli tilgodesett. Dette gjeld m a:

- omsynet til framtidige generasjonar sine behov,
- landbruksnæringa,
- behovet for utbyggingsgrunn,
- miljøet, allmenne naturvern – og friluftsinnteresser
- omsynet til busetjinga.

Konsesjonslova er ingen spesifikk landbrukslov som ein sidedig skal tilgodesjå landbruksnæringa, men lova har størst verknad for landbruket og ved erverv av landbrukseigedomar.

Forslaget inneber i hovudtrekk følgjande endringar:

- Fri omsetning av landbrukseigedomar som i dag er konsesjonspliktige
- Buplikt og andre typar busettingshensyn fell vekk
- Moglegheit til å setje null- konsesjongsgrense fell vekk.
- Priskontrollen fell vekk
- Ein kan ikkje lenger setje vilkår for kjøp av eigedom

Driveplikta på jordbruksjord er ikkje meint å verte redusert med forslaget.

Fri omsetning av landbrukseigedomar som i dag er konsesjonspliktige vil kunne føre til at det opnast for at kapitalsterke kjøparar kan overta landbrukseigedomar. Ein opnar opp for eit selskapslandbruk der industri, matvarekjedar eller andre selskap kan eige både jorda og garden.

Ved å oppheve buplikta kan ein ikkje lenger setje som krav for kjøp av eigedomen at ein skal flytte til. Ein opnar opp for at overtakar kan leige ut bustaden på garden. Dette kan føre til at fleire får eit meir passivt forhold til eigedomen sin. Ein vil tru at dette vil verke negativt for busettinga i kommunen. Åseral kommune har ikkje gjort nokon undersøking av korleis dette har verka inn for busettinga – men ein ser ofte at dersom det vert satt krav om busetting så fører det til at mange vert verande i bygda. Ein vil tru at det vil føre til ei auke i kjøp av landbrukseigedomar som vert nytta til fritidseigedom.

Moglegheit til å setje null- konsesjongsgrense fell vekk. Dette vil føre til at ein ikkje kan setje krav om at heilårsbolig vert sikra til boligformål i staden for å bli tatt i bruk som feriestad. I Åseral er dette særskildt aktuelt i kommunale byggefelt i attraktive hytteområde, slik kommunen fastsatt i forskrift om 0-konsesjongsgrense for Tvinlingknodden bustadområde på Ljosland.

Bortfall av priskontroll vil gjere det meir kapitalkrevjande å byggje opp landbruksdrifter for dei som verkeleg ynskjer det, og det er fare for å redusere rekrutteringa til yrket endå meir. Dette utfordrar moglegheitene til å ivareta matvareproduksjonen og matvaretryggleiken i landet. Eit bortfall av regelen vil også gje mindre moglegheiter til å drive landbruksnæring i område med mindre tilbod om andre arbeidsplassar. I Åseral har vi mange eigedomar med store utmarksareal som kan vere attraktive for kapitalsterke kjøparar som ønskjer å nytte dette som fritidseigedom/jakt. Dette kan føre til at det vert ei endring i bruk av heia, t.d. kan ein vert utestengt frå beiteområda i heia, noko som kan føre til attgroing av kulturlandskapet.

Ein kan og sjå det frå ei anna side og meine at dette vil føre til ei auka omsetjinga av landbrukseigedomar, då det kan styrke eigarar sin motivasjon til å selje heile eller delar av eigedomen, noko som moglegvis kan auke rekrutteringa til næringa.

Framlegg til vedtak:

Åseral kommune støttar ikkje forslaget om å oppheve konsesjonslova og buplikta på landbrukseigedomar. Landbruksnæringa dekkjer mange samfunnsbehov. For å oppretthalde og vidareutvikle landbruksnæringa til beste for samfunnet så må konsesjonslova og buplikt ikkje fjernast som verkemiddel for samfunnet til å sikre matproduksjon, rekruttering i landbruket og kulturlandskap.

Matvaresikkerheit og andre samfunnsinteresser som busetjing i distrikta og å oppretthalde kulturlandskapet er fellesgoder som til ein viss grad bør regulerast av det offentlege.

Saksprotokoll i Kommunalutvalet - 16.12.2014

Framlegg til tilråding vart vedteke med 4 stemmer (O.Åsland, K.Røynlid, O.Ljosland, T.Hagen). 1 stemme mot (E.T.Eikerapen)

Vedtak:

Åseral kommune støttar ikkje forslaget om å oppheve konsesjonslova og buplikta på landbrukseigedomar. Landbruksnæringa dekkjer mange samfunnsbehov. For å oppretthalde og vidareutvikle landbruksnæringa til beste for samfunnet så må konsesjonslova og buplikt ikkje fjernast som verkemiddel for samfunnet til å sikre matproduksjon, rekruttering i landbruket og kulturlandskap. Matvaresikkerheit og andre samfunnsinteresser som busetjing i distrikta og å oppretthalde kulturlandskapet er fellesgoder som til ein viss grad bør regulerast av det offentlege.